

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018**

Følgjande representantar stilte spørsmål om dei var inhabile:

- Nils Marton Aadland, H, er styreleiar i Museumssenteret i Hordaland.
- Aud Karin Oen, SV, er styremedlem i Stiftelsen Museum Vest.

Aadland og Oen gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Nils Marton Aadland og Aud Karin Oen var inhabile etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Nils Marton Aadland og Aud Karin Oen gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 13 representantar til stades.

### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet tar oversikta over musea som mottek statlege tilskotsmidlar til vitande.
2. Fylkesutvalet forventar at staten aukar det samla statlege tilskotet til dei konsoliderte musea i Hordaland til minst tilsvarende snitt for resten av landet før regionreforma vert gjennomført i 2020.